

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Deres ref.:
Vår ref.: 22/15058-8
Saksbehandler: Guro Berge Smedshaug
Dato: 17.08.2023

Innvilgar tilskot til Klinisk ernæringsfysiolog som ressurs for helse-og omsorgstenesta i Region Nordhordland over statsbudsjettet 2023 kap. 761, post 68

Helsedirektoratet viser til søknad på tilskot 31.03.2023 under tilskotsordninga Modellutvikling Klinisk ernæringsfysiolog som ressurs for omsorgstjenesten.

INNVILGING AV TILSKOT

På bakgrunn av den ekstraordinære lønns- og prisjusteringen av statsbudsjettet for 2023 i samband med revidert nasjonalbudsjett innvilgar Helsedirektoratet ytterlegare 24 050 kroner til Klinisk ernæringsfysiolog som ressurs for helse-og omsorgstenesta i Region Nordhordland. Dette er om lag 2,44 prosent av tidligare utbetalt tilskot.

Tilskotet skal nyttas etter vilkår og krav gitt i opphaveleg tilskotsbrev den 18.05.2023.

Totalt innvilga tilskot for 2023 (inkludert overførte midlar frå 2022) er 1 187 050 kroner. Dykk rapporterer samla for det totale beløpet. Vi viser til tilskotsbrev den 18.05. 2023 for informasjon om rapporteringskrav.

Termin dato	Termin beløp	Kapittel.post
14.08.2023	24050	Kap 761, post 68

For 2023 er det bevilga til saman 5 327 000 kroner til tilskotsordninga. Vi har teke imot 22 søknader, og av desse har 9 fått tildelt tilskot.

KLAGERETT

Dykk har ikkje rett til å klage på avgjerdsla. Dette fylgjer av forvaltningslova § 28.

All korrespondanse skal sendast til postmottak@helsedir.no eller postadressa vår og skal merkjast med referansen vår 22/15058.

Vi ønskjer dykk lykke til med arbeidet og ser fram til å høyre om resultatata.

Helsedirektoratet

Avdeling folkesykdommer

Guro Berge Smedshaug

Postboks 220 Skøyen, 0213 OSLO • Besøksadresse: Vitaminveien 4, Oslo • Tlf.: (+47) 47 47 20 20

Org.nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

Vennlig hilsen

May Cecilie Lossius e.f.
prosjektleder

Guro Berge Smedshaug
seniorrådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk

Kopi:

MASFJORDEN KOMMUNE, Oddvin Arne Neset; MASFJORDEN KOMMUNE, Anne Merethe
Reknes

STANDARDVILKÅR FOR TILSKOT FRÅ HELSEDIREKTORATET

(Gjeldande frå 12.09.2022)

Generelle vilkår

Tilskotsmiddel frå Helsedirektoratet skal bli brukt i tråd med gjeldande lover og reglar, og etter dei føresetnadene som er gjeve i regelverket for tilskotsordninga og i tilskotsbrevet.

Dette inneber òg krav til at det blir utøvd god forvaltningsskikk, habilitet og etisk framferd i gjennomføringa av tilskotsaktiviteten. Tilskotsmiddel skal primært nyttast til aktivitetar som er lokaliserte og går føre seg i Noreg.

Innvilga tilskotsmiddel kan ikkje disponerast om til andre føremål utan skriftleg godkjenning frå Helsedirektoratet. Tilskotet kan falle heilt eller delvis bort dersom mottakaren av tilskotet endrar planane og/eller føresetnadene som ligg til grunn for tilskotet. Dersom aktiviteten krev mindre middel enn føresett, kan Helsedirektoratet redusere tilskotet høvesvis.

Det er ikkje høve for mottakarane av tilskot å nytte offentlege middel til å finansiere den same aktiviteten som allereie er fullfinansiert av offentlege tilskotsmiddel.

Nulltoleranse for misleghald av tilskot

Helsedirektoratet har nulltoleranse for misleghald av tilskot. Dette gjeld òg for tilskot der tilskotsforvaltninga er delegert til andre aktørar, til dømes Statsforvaltaren.

Helsedirektoratet er pliktig til å gjere tiltak når det kjem fram informasjon om mogleg misleghald av tilskotsmiddel. Direktoratet kan stanse utbetaling av tilskot ved mistanke om at mottakaren gir uriktige opplysningar eller at mottakar ikkje nyttar tilskotet i samsvar med dei fastsette vilkåra. Vidare kan Helsedirektoratet krevje tilskotet betalt tilbake dersom det er dokumentert misleghald, medrekna at mottakaren ikkje fyller krava som blir stilte i regelverket, eller at det er gitt uriktig opplysningar.

Direktoratet har òg høve til å nekte tilskotsmottakaren å få tilskot i eitt eller fleire følgjande år dersom tilskotet ikkje blir nytta i samsvar med fastsette vilkår. Misleghald av tilskotsmiddel kan få rettslege konsekvensar.

Praktisering av nulltoleranse for økonomisk misleghald skal bli sett i samanheng med gjeldande regelverk for bruk av løyvde middel og etiske retningsliner for statstenesta.

Lønnsmiddel og reisekostnadar

Lønnsmiddel som i hovudsak blir finansierte av tilskot, bør ikkje overstige det som er rimeleg i

høve til statlege lønningar. Reisekostnadar må ikkje vere høgare enn satsane i reiseregulativet til staten. Sjå personalhandboka til staten.

Utstyr og investeringar

Tilskotet skal ikkje dekke utstyr eller investeringar av varig karakter, dersom ikkje noko anna kjem fram i tilskotsregelverket eller tilskotsbrevet. Tilskotet kan likevel dekke naudsynte driftskostnadar eller del av driftskostnader der dette er i samsvar med vedtaket.

I tilfelle der utstyr og investeringar blir dekte, blir dette rekna som eigedommen til staten. Ved sal kan difor Helsedirektoratet krevje at tilskotsmottakaren betaler tilbake restverdien.

Offentlege innkjøp

Verksemder som gjer innkjøp med tilskotsmiddel frå Helsedirektoratet må etterleve lov om offentlege innkjøp og forskrift om offentlege innkjøp. Statlege, fylkeskommunale og kommunale organ er omfatta av dette.

Andre mottakarar av tilskot er omfatta av reglane når dei kan reknast som offentlegrettslege organ. Sjå forskrift om offentlege innkjøp § 1-2.

Etterleving av regelverk om offentlig støtte

Regelverket om offentlig støtte, som oftast kalla statsstøtteregelverket, er ein del av den klassiske EU-retten, og Noreg er bunde av dette regelverket gjennom EØS-avtalen.

Den som mottok tilskot er sjølv ansvarleg for å sikre at tilskotet ikkje direkte eller indirekte blir nytta til økonomisk aktivitet som kan vri konkurransen eller bygge opp eigenkapital. Tenesta blir sett på som ein økonomisk aktivitet der det offentlege deltek i ein marknad og tilbyd varer og tenester i konkurranse med private og andre offentlege aktørar.

Tilskotsmottakarar som driv økonomisk aktivitet, må gjere tiltak for å unngå ulovleg kryssubsidiering. Tiltaka som tilskotsmottakaren set i verk skal difor sikre at aktiviteten som er finansiert av tilskot blir halden skilt frå den konkurranseutsette aktiviteten. Dette kan sikrast gjennom skilde rekneskapar og fordelingsnøklar for fordeling av indirekte kostnader mellom aktivitetane.

Sjå mellom anna artikkel 61 til EØS-avtalen og konkurranselova § 11 c.

Rapportering

Mottakarar av tilskot er forplikta til å rapportere til Helsedirektoratet om korleis midla er brukt i samsvar med krava i tilskotsbrevet. Vidare skal tilskotsmottakar rapportere om korleis mål er oppnådd og rapportere økonomi eller rekneskap på ein måte som gjer at Helsedirektoratet kan kontrollere at pengane er brukte til føremålet i tilskotsregelverket, tilskotssøknaden og tilskotsbrevet. Transaksjonar mellom nærstående skal det bli gjort spesielt greie for.

Tilskotet frå Helsedirektoratet skal bli nytta til å dekke det reelle finansieringsbehovet for å gjennomføre aktiviteten. Rekneskapen skal inkludere alle inntekter som er relaterte til aktiviteten som er finansiert av tilskotet. Inntekter kan vere refusjonar av sjukeløn, deltakaravgifter, kiosksal, sponsormiddel m.m. Det blir føresett at eventuelle prisar på varer og tenester blir avgrensa til eit nivå som gjer at tilleggssinntektene ikkje blir å sjå på som økonomisk aktivitet.

Momskompensasjon til frivillige organisasjonar

Eventuelle tilskot frå momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar skal haldast utanom rekneskapen som blir rapportert for aktiviteten. Alternativt skal momskompensasjonen

merkast tydeleg, slik at eit eventuelt overskot som kjem frå momskompensasjon, ikkje blir trekt frå framtidige tilskot eller blir kravd betalt tilbake.

Tilskot som ikkje blir nytta

1. Overføring av tilskotsmiddel til neste år

Dersom det står att ubrukte tilskotsmiddel på slutten av året, og aktiviteten ikkje er fullført, kan tilskotsmottakaren søke om å få overført tilskotet vidare til neste år. Dette gjeld berre eitt år.

Dersom mottakaren berre skal søke om overføring av dei ubrukte midla, krevst ein kortfatta søknad pr. e-post. Sakshandsamaren vurderer behov for ytterlegare opplysningar før søknaden om overføring kan bli handsama.

Dersom mottakaren av tilskot i tillegg til å søke om overføring av dei ubrukte midla, ønsker å søke om ytterlegare middel det følgande året, skal dei ubrukte midla vere med i den nye søknaden i samsvar med årleg søknadsprosedyre. Søknadsbeløpet må innehalde informasjon om både ubrukt tilskot og nytt tilskot.

2. Tilbakebetaling

Tilskotsmiddel som ikkje er nytta skal opplysast i rapporteringa frå tilskotsmottakaren. Unytta tilskotsmiddel ein ikkje søker om å overføre til neste år må tilskotsmottakaren betale tilbake til Helsedirektoratet. Har mottakaren fått tilskot frå fleire enn Helsedirektoratet til same aktivitet, vil delen av dei ubrukte midla som svarar til Helsedirektoratet sin del av det samla tilskotet, bli kravde tilbake.

Helsedirektoratet vil sende ein faktura på beløpet som skal bli betalt tilbake etter at rapporteringa er handsama.

Dokumentinnsyn

Mottakarar av tilskot har rett på innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningslova §§ 18 og 19.

Tilsyn eller kontrollar

Rapportar eller resultat frå relevante offentlege tilsyn eller kontrollar skal bli sendt til Helsedirektoratet fortløpande.

Kontroll av tilskotsmottakarar

Helsedirektoratet kan kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadene i regelverket og tilskotsbrevet. Opplysningar som ligg til grunn for at tilskotet er innvilga og den etterfølgande rapporteringa, skal vere riktige. Sjå reglementet for løyve (bevilgningsreglementet) § 10, 2. ledd.

Helsedirektoratet kan setje i verk naudsynte og formålstenlege kontrollar. Direktoratet kan òg gje ei anna verksemd fullmakt til å gjere kontrollar. Vidare har Riksrevisjonen tilgang til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadene, jf. lov om Riksrevisjonen § 12.

Tilskotsmottakarar skal legge fram opplysningar ved førespurnad og på andre måtar bidra til å gjere kontrollarbeidet mogleg og lettare.

Oppbevaring av dokumentasjon

Helsedirektoratet krev at rekneskapsdata og dokumentasjon av opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller rapporteringa, skal takast vare på for kontroll i minimum 10 år etter tilskotet blei teke imot. Sjå lov om nasjonale saksbehandlingsreglar i saker om offentleg trygd § 8 (støtteprosesslova).

Gje melding om endringar

Tilskotsmottakaren må varsle Helsedirektoratet dersom adresse, bankkontonummer, organisasjonsnummer eller tilsvarande er endra.